


ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	07.08.2023
Vår referanse	2023/69906-1
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Trond Olav Wahl
E-post	Trond.Olav.Wahl@vlfk.no
Telefon	40916223

Eide Fjordbruk AS - Søknad om utviding lokalitet Ospeneset i Alver kommune

Vestland fylkeskommune send med dette søknad frå Eide Fjordbruk AS motteke 31.07.2023 om endring og auke av maksimal tillaten biomasse på lokalitet Ospeneset i Alver kommune. Lokaliteten er i dag klarert for MTB på inntil 3120 tonn. Søknaden gjeld utviding av lokalitetsbiomasse med 3600 tonn der omsøkt auke skal skje i lukka merdar med oppsamling av partikulært materiale/slam.

Dei søker om å kombinere 3 tradisjonelle merdar på lokaliteten med 3 lukka merdar. Utviding av lokalitets MTB vert omsøkt innanfor gjeldande anleggskonfigurasjon og innanfor allereie klarerte ytterpunkt/flate som er registrert i akvakulturregisteret.



Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Såkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Søknaden inneheld straummåling og det er bestilt forundersøking. Denne vert tetter sendt nå den er ferdig

Dersom berørte parter meiner at tiltaket kan få vesentlege verknader, og disse verknadane ikkje

Postadresse	Telefon	E-post	Heimeside	EHF-Fakturaadr.	Organisasjonsnr.
Postboks 7900 5020 Bergen	05557	post@vlfk.no	www.vestlandfylke.no	821311632	821 311 632

allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter utlysning.

Vestland fylkeskommune ber om at Alver kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Av konkurransemessige årsaker må vedlegga 23 til 30 inntil vidare vere heilt unnateke offentleggjering.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Med helsing

Trond Olav Wahl
seniorrådgjevar
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift